



DET KONGELEGE
OLJE- OG ENERGIDEPARTEMENT

Prop. 44 S

(2009–2010)

Proposisjon til Stortinget (forslag til stortingsvedtak)

Om endringar i statsbudsjettet for 2009 under Olje- og energidepartementet

*Tilråding frå Olje- og energidepartementet av 13. november 2009,
godkjend i statsråd same dagen.
(Regjeringa Stoltenberg II)*

1 Innleiing

I denne proposisjonen kjem Olje- og energidepartementet (OED) med framlegg til endringar i statsbudsjettet for 2009 i samsvar med kapittel 2. Departementet gjer vidare greie for bruk av fullmakt under petroleumsvirksemda og Statens direkte økonomiske engasjement i petroleumsvirksemda (SDØE) i kapittel 3.

2 Endringar i statsbudsjettet for 2009

Kap. 1800 Olje- og energidepartementet

Post 21 Spesielle driftsutgifter, kan overførast

Utgifter knytte til rettssak mot Statoil ASA

I samband med utbygginga av Åsgard blei det i perioden 1996-2001 gjort ein del tilleggsinvesteringar på Kårstø-anlegga. Statens direkte økonomiske engasjement i petroleumsvirksemda (SDØE) hadde den gongen ein eigardel på 46,95 pst. i Åsgard Unit.

Saga, Agip, Fortum og Total kravde i 1999 som rettshavarar i Åsgard Unit ei erstatning frå Statoil som operatør for bygging av eit meir omfattande anlegg på Kårstø enn avtalt og for at rettshavarane i Åsgard Unit måtte dekkje desse meirinvesteringane som ikkje ville kome Åsgard Unit til nytte.

Det vart bestemt at usemja mellom partane skulle løysast ved skilssdom. Staten bestemte som eigar av SDØE å ikkje delta som part i saka. Statoil gav i staden ei fråsegn som skulle sikre staten lik behandling som dei nemnte selskapa.

Sakene til Agip og Fortum vart løyst i 2002, og Total i 2004, utan at staten meiner å ha fått lik behandling. På vegne av staten har Petoro AS, og seinare Olje- og energidepartementet, vore i dialog med Statoil for å kome fram til ei løysing i saka. Det har til no ikkje lukkast. Staten gjekk 29. april 2008 til søksmål mot StatoilHydro ASA med krav om oppgjer etter fråsegna. Rettssaka tok til 19. oktober 2009 i Stavanger tingrett og er venta å vare i fem veker.

Utgiftene for staten til juridisk bistand og eksterne rådgivarar i samband med denne saka er rekna til totalt om lag 15 mill. kroner i 2009. Blant anna har ein ekstern konsulent gjennomført verdigraderingar av relevante felt på norsk kontinental-sokkel og økonomiske analysar og vurderingar i samband med statens krav.

Delar av utgiftene blir dekte innafor gjeldande løyving, men det blir foreslått å auke løyvinga under kap. 1800, post 21 Spesielle driftsutgifter med 3 mill. kroner.

Nytt forslag til løyving blir etter dette 42,1 mill. kroner.

Kap. 1810 Oljedirektoratet*Post 01 Driftsutgifter*

Det blir foreslått å auke løyvinga med 1,3 mill. kroner knytt til behandling og oppfølging av søknader om utvinningsløyve. Utgiftsauken er motsvara av ein tilsvarende inntektsauke under kap. 4810, post 01 Gebyrinntekter. Endringa har samanheng med at OD har fått meir arbeid i samband med behandling av søknadene knytte til TFO 2009 (Tildeling i førehandsdefinerte område), inkludert behov for ekstern støtte.

Nytt forslag til løyving blir etter dette 211,7 mill. kroner.

Post 21 Spesielle driftsutgifter, kan overførast

Det blir foreslått å auke løyvinga knytt til Oljedirektoratets oppdrags- og samarbeidsverksemd med 27,3 mill. kroner. Endringa har hovudsakeleg samanheng med høgare aktivitetsnivå enn tidlegare budsjettert, knytt til Norad og Diskos. Utgiftsauken er motsvara av ein tilsvarende inntektsauke under kap. 4810, post 02 Oppdrags- og samarbeidsverksemd. Det er uvisse knytt til budsjetteringa av oppdrags- og samarbeidsverksemda.

Nytt forslag til løyving blir etter dette 299,9 mill. kroner.

Kap. 1820 Noregs vassdrags- og energidirektorat*Post 22 Flaum- og skredførebygging, kan overførast, kan nyttast under post 60*

Det blir foreslått å redusere løyvinga med 1,5 mill. kroner. Endringa har samanheng med at NVE gir enkelte tilsegner som nettotilskot til mottakar av midlar til skredførebygging, for at dei skal utføre arbeidet i staden for at NVE utfører dette i eiga regi. Reduksjon av løyvinga er motsvara av ein auke i løyvinga under kap. 1820, post 60 på 1,2 mill. kroner og ein reduksjon av løyvinga under kap. 4820, post 40 på 0,3 mill. kroner knytt til budsjettert distriktsbidrag som fell bort når tilsegn er gitt som nettotilskot.

Nytt forslag til løyving blir etter dette 152,3 mill. kroner.

Post 60 Tilskot til skredførebygging, kan overførast, kan nyttast under post 22

Det blir foreslått å auke løyvinga med 1,2 mill. kroner. Endringa har samanheng med at NVE gir enkelte tilsegner som nettotilskot til mottakar av midlar til skredførebygging, for at dei skal utføre arbeidet i staden for at NVE utfører dette i eiga

regi, jf. kap. 1820, post 22. Tilskot av denne typen blir ført som ei nettoløyving under post 60 i høve til post 22 der løyvinga blir ført brutto og distriktsbidraget blir inntektsført under kap. 4820, post 40.

Nytt forslag til løyving blir etter dette 29,2 mill. kroner.

Kap. 1825 Omlegging av energibruk og energiproduksjon*Post 50 Overføring til Energifondet*

Det blir foreslått å auke løyvinga med 1,2 mill. kroner. Endringa har samanheng med tilsvarende auke i avkastninga frå Grunnfondet, jf. kap. 4825, post 85.

Nytt forslag til løyving blir etter dette 1 782,2 mill. kroner.

Kap. 1833 CO₂-handtering*Post 21 Spesielle driftsutgifter, kan overførast**CO₂-handtering på Kårstø*

Regjeringa foreslår å redusere løyvinga knytt til arbeidet med CO₂-handtering på Kårstø med 140 mill. kroner. Endringa skuldast avgjerda om å stanse prosessen for bygging av eit fullskala CO₂-fangstanlegg på Kårstø til ein har eit klarare bilete av driftsmønsteret ved gasskraftverket. Gassnova og Gassco er bedne om å greie ut potensialet for ei utnytting av samlokaliseringa mellom gasskraftverket og gassprosesseringsanlegget på Kårstø, jf. St.prp. nr. 67 (2008-2009).

Transport og lagring av CO₂ frå Kårstø og Mongstad

Gassnova arbeider med å planleggje og førebu løysingar for transport og lagring av CO₂ frå dei planlagde prosjekta. Det er til no laga ei utgreiing om tre ulike alternativ for undersjøisk geologisk lagring av CO₂ frå fangstanlegga, høvesvis injeksjon via havbotnbrønner i Utsira-formasjonen, injeksjon via plattformbrønn frå Sleipner A i Utsira-formasjonen og injeksjon via havbotnbrønner i Johansen-formasjonen.

Det er usikkert kva som vil vere den best egna lagringsstaden. Gassnovas arbeid med å greie ut moglege lagringsstader held fram med sikte på å kunne leggje fram eit godt investeringsgrunnlag for sikker lagring av CO₂.

Teknologisenteret for CO₂-handtering på Mongstad

Rekneskapen for prosjektet frå Statoil viser samla planleggingsutgifter for teknologisenteret for CO₂-handtering på Mongstad (TCM) på 238,46 mill. kroner eksklusiv mva. Statens del av dei samla kost-

nadene kjem på om lag 120,5 mill. kroner inkludert mva. I høve til løyvingar i tidlegare år gjenstår det om lag 37 mill. kroner som ikkje er brukt. Desse midlane blir foreslått omdisponerte til planlegginga av fullskala CO₂-handtering på Mongstad.

Fullskala CO₂-handtering på Mongstad – Mongstad Steg 2

Miljøverndepartementets utsleppsløyve av oktober 2006 og gjennomføringsavtala mellom staten og Statoil om handtering av CO₂ på Mongstad («gennemføringsavtala») dannar utgangspunkt for bygging av eit fullskala anlegg for CO₂-handtering på Mongstad (Mongstad Steg 2).

I tida etter at staten og Statoil inngjekk avtale om CO₂-handtering på Mongstad i 2006, har Statoil, Olje- og energidepartementet og Miljøverndepartementet samarbeidd fortløpande om ulike forhold knytte til fullskala CO₂-fangst på Mongstad. Av gjennomføringsavtala frå 2006 følgjer det at rammeverket om samarbeidet mellom staten og Statoil skal utfyllast og konkretiserast gjennom ei meir detaljert Steg 2-avtale for det vidare arbeidet med fullskalaanlegget på Mongstad. Statoil og Gassnova arbeider no med juridiske, finansielle og organisatoriske spørsmål. Prosjektet er komplisert og krev nye løysingar på mange område. Departementet vil kome nærare tilbake til resultatane av det pågåande arbeidet med planlegging og førebuing.

For å sikre framdrifta i prosjektet har Olje- og energidepartementet og Statoil blitt samde om ei ordning for arbeidet fram til april 2010, slik at det tekniske prosjektarbeidet for Mongstad Steg 2 held fram.

Det blir foreslått å redusere løyvinga knytt til arbeidet med CO₂-handtering på Mongstad med 320 mill. kroner. Hovudårsak til endringa er utsette aktivitetar i 2009.

Oppsummering

På bakgrunn av dei nemnde forholda blir løyvinga under kap. 1833 CO₂-handtering, post 21 Spesielle driftsutgifter foreslått redusert med 460 mill. kroner.

Nytt forslag til løyving blir etter dette 305 mill. kroner. Totalt disponibelt budsjett under posten inkludert overførte midlar frå 2008 utgjer om lag 600 mill. kroner for 2009.

Post 30 Investeringar, kan overførast

Det blir foreslått å redusere løyvinga under posten med 1 882 mill. kroner. Endringa har samband med at anslaget for investeringar i teknologi-

senteret for CO₂-handtering på Mongstad (TCM) for 2009 er redusert med 982 mill. kroner. Reduksjonen i anslaget kjem i hovudsak av tidsforskyving av utgifter. Dei resterande 900 mill. kroner blir foreslått overført til ny post 72 Utlån, TCM DA som følgje av at ein legg opp til å endre modellen for finansiering av TCM, jf. omtale under kap. 1833, post 72.

Nytt forslag til løyving blir etter dette null kroner.

Post 50 Overføring til Fond for CLIMIT

Det blir foreslått å auke løyvinga til Fond for CLIMIT med 0,2 mill. kroner. Endringa har samband med tilsvarende auke i avkastninga frå Fond for miljøvennleg gassteknologi, jf. kap. 4833, post 85.

Nytt forslag til løyving blir etter dette 92 mill. kroner.

Post 72 Utlån, TCM DA, kan overførast

Partane i teknologisenteret for CO₂-handtering på Mongstad (TCM), staten, Statoil ASA og AS Norske Shell, inngjekk ei deltakaravtale og fatta avgjerd om investering i teknologisenteret våren 2009. Samtidig vart ei selskapsavtale for teknologisenteret på Mongstad inngått – European Technology Centre Mongstad DA (TCM DA), jf. St.prp. nr. 38 (2008-2009). Som det går fram av selskapsavtala eig staten 77,56 pst. av selskapet, mens Statoil eig 20 pst. og Shell 2,44 pst. Aktivitetane i teknologiselskapet - TCM DA - blir regulert gjennom deltakaravtala, som regulerer relevante forhold knytte til utbygging og drift av teknologisenteret. TCM DA vil ikkje ha eigne tilsette, men innleigd personell frå partnarane og eventuelt frå andre verksemdar. Formålet med teknologiselskapet vil vere å utvikle og teste konsept og teknologiar for CO₂-fangst med potensial for å redusere risiko og kostnader av fullskala fangst. Ein viser til omtale i Prop. 1 S (2009-2010), kap. 1833, post 21.

Alle utgifter (investeringar og drift) knytte til TCM DA under etablering og i oppbygging av anlegget blir dekte av eigarane, og finansieringa blir behandla som eit utlån til TCM DA i investeringsfasen som skal betalast tilbake til eigarane i driftsfasen. TCM DA vil inngå individuelle låneavtaler med sine respektive eigarar for å finansiere bygginga av anlegget og etableringa av selskapet. Låneavtalene vil regulere rente- og tilbakebetalinga. Lånet er tenkt nedbetalt over ein driftsperiode på fem år. TCM DA vil stå som eigar av anlegget under byggje- og driftsfasen. TCM DA si finansiering/opplåning vil skje via kontantinnkallingar

frå eigarane gjennom investeringsfasen. Kontant-innkallingane frå eigarane blir behandla som gjeld i TCM DA sin balanse og som utlån/fordring hos eigarane. Meirverdiavgift blir fakturert brukarane først når anlegget står ferdig og kjem i drift, det vil seie når TCM DA startar opp med å levere tenester.

Det blir foreslått at utlån til TCM DA blir budsjettert «over streken» og blir utgiftsført i statsbudsjettet i dei åra der TCM DA investerer i anlegget. På den måten vil lån til TCM DA inngå i prioriteringane innanfor statsbudsjettet si samla ramme. Framtidige avdrag på utlåna blir inntektsførde tilsvarende «over streken», men utlåna vil gå fram av statens kapitalrekneskap. Dei nemnde forholda påverkar òg forslaget til løyving for 2010, som må endrast. Olje- og energidepartementet vil kome tilbake til Stortinget med eit endra forslag til løyving for 2010 knytt til dette.

Deltakarane/brukarane vil inngå avtale med TCM DA som regulerer betaling for dei tenestene og forskingsresultata TCM DA leverer. Betalinga vil dekkje bruken av kapasiteten til anlegget og fortløpande driftsutgifter knytte til aktiviteten ved selskapet/anlegget. Betaling vil såleis òg dekkje nedbetaling og kapitalkostnader ved utlånet frå eigarane.

Formålet med valt modell er å synleggjere forretningsforholda mellom eigarane, brukarane og TCM DA. Selskap som inngår avtale om forskning med TCM DA kan vere andre aktørar innanfor same konsern enn dei som er eigarar av selskapet. Når det gjeld statens deltaking vil det vere Olje- og energidepartementet som yter lån og Gassnova SF som er ansvarleg for statlege kjøp av tenestene. Det kan i tillegg bli aktuelt å selje tenester til andre aktørar som ønskjer å bruke TCM DA sine tenester eller som kjem med i samarbeidet på eit seinare tidspunkt. Desse aktørane vil gjennom betaling for kapasitet og fortløpande driftsutgifter òg vere med på å dekkje investeringa i anlegget, dvs. betening av opplåninga frå eigarane og kapitalkostnadene.

Det blir foreslått ei løyving på 900 mill. kroner for 2009 under ny post 72 Utlån, TCM DA, kan overførast, for å dekkje statens del av budsjettet for investeringar og drift for TCM DA, blant anna forskot på tomteleige og andre utgifter knytte til etablering og oppbygging av selskapet.

Kap. 2440/5440 Statens direkte økonomiske engasjement i petroleums- verksemda

Forslag til nye løyvingar byggjer på ein oppdatert prognose for 2009 frå Petoro AS. Prognosen frå

Petoro er basert på rekneskapsføring per 30. september 2009 og overslag for resten av året. Det er blant anna stor uvisse knytt til utviklinga i olje- og gassprisane.

Overslaget for kap. 2440, post 30 Investeringar er samla redusert med 1 900 mill. kroner, frå 25 900 til 24 000 mill. kroner, hovudsakleg på grunn av utsette aktivitetar på fleire felt. Blant anna er utskifting av lastebøye på Draugen og nytt bustadkvarter på Ekofisk utsette til etter 2009. I tillegg vil ei rekkje mindre utbyggingsprosjekt bli utsette. Færre modifikasjonar og utbyggingsinvesteringar blir delvis motverka av noko auka kostnader til produksjonsboring.

Overslaget for kap. 5440, underpost 24.1 Driftsinntekter er auka med 6 400 mill. kroner, frå 148 800 til 155 200 mill. kroner. Endringa skuldast at venta olje- og gasspris er høgare enn det som vart lagt til grunn i revidert budsjett for 2009. Auka prisoverslag blir delvis motverka av lågare overslag for volum. Det er òg lagt til grunn høgare inntekter frå gass som blir kjøpt for vidaresal.

Det er no lagt til grunn ein gjennomsnittleg oljepris på kr 378 per fat for 2009. I revidert budsjett 2009 blei det lagt til grunn ein gjennomsnittleg oljepris på kr 350 per fat.

Overslaget for kap. 5440, underpost 24.2 Driftsutgifter er redusert med 500 mill. kroner, frå 37 400 til 36 900 mill. kroner. Endringa skuldast utsette aktivitetar og lågare kostnader ved kjøp av gass til bruk for injeksjon på Grane.

Overslaget for kap. 5440, underpost 24.3 Leite- og feltutviklingsutgifter er redusert med 400 mill. kroner, frå 3 000 til 2 600 mill. kroner. Lågare overslag skuldast i hovudsak lågare leiteaktivitet enn venta innanfor planar som ikkje var vedtekne på tidspunktet for revidert budsjett.

Overslaget for kap. 5440, underpost 24.4 Avskrivningar er redusert med 1 200 mill. kroner, frå 17 500 til 16 300 mill. kroner. Dette skuldast reduserte investeringsanslag og redusert salsvolum.

Overslaget for kap. 5440, underpost 24.5 Renter av statens kapital er redusert med 200 mill. kroner, frå 6 700 til 6 500 mill. kroner. Endringa skuldast hovudsakleg oppdatering av overslag for statens faste kapital. Overslaget for kalkulatorisk rente for 2009 er basert på ein rentesats på 4,69 pst.

Endringane nemnde ovanfor fører til at kap. 5440, post 24 Driftsresultat aukar netto med 8 700 mill. kroner, frå 84 200 til 92 900 mill. kroner.

Kap. 5440, post 50 Overføring frå Statens petroleumsforsikringsfond er budsjettert til 30 mill. kroner i faktiske utbetalningar i 2009 knytt til skadar og

Tabell 2.1 Endringar på statsbudsjettet 2009 under kap. 2440/5440 Statens direkte økonomiske engasjement i petroleumsvirksomhet (i mill. kroner)

Kap./post Underpost	Nemning	Gjeldande løyving ¹	Forslag til ny løyving	Endring
2440 30	Investeringar	25 900	24 000	-1 900
50	Overføring til Statens petroleumsforsikringsfond	1 122	1 122	0
Sum kap. 2440		27 022	25 122	-1 900
5440 24.1	Driftsinntekter.....	148 800	155 200	6 400
24.2	Driftsutgifter.....	-37 400	-36 900	500
24.3	Leite- og feltutviklingsutgifter	-3 000	-2 600	400
24.4	Avskrivingar	-17 500	-16 300	1 200
24.5	Renter av statens kapital	-6 700	-6 500	200
24	Driftsresultat	84 200	92 900	8 700
30	Avskrivingar	17 500	16 300	-1 200
50 (ny)	Overføring frå Statens petroleumsforsikringsfond	0	30	30
80	Renter av statens kapital	6 700	6 500	-200
Sum kap. 5440		108 400	115 730	7 330

Kontantstraum frå SDØE:

Innbetalingar ²	148 800	155 230	6 430
Utbetalingar ³	67 422	64 622	-2 800

Nettokontantstraum frå SDØE

81 378	90 608	9 230
--------	--------	-------

¹ Gjeldande løyving for 2009 er basert på Stortingets løyvingsvedtak av 8. desember 2008 og seinare endringar i 2009 (revidert budsjett), jf. St.prp. nr. 67 og Innst. S. nr. 355 (2008-2009).

² Innbetalningar = driftsinntekter + overføring frå Statens petroleumsforsikringsfond.

³ Utbetalningar = driftsutgifter + leite- og feltutviklingskostnader + investeringar + overføring til Statens petroleumsforsikringsfond.

bortfall av inntekt på grunn av stopp i drifta på nokre felt.

Desse endringane medfører samla sett at netto kontantstraum frå SDØE blir auka med 9 230 mill. kroner i høve til gjeldande løyving, frå 81 378 til 90 608 mill. kroner.

Kap. 2490 NVE Anlegg*Post 24 Driftsresultat*

Overslaget for kap. 2490, underpost 24.1 Driftsinntekter blir foreslått auka med 8 mill. kroner, frå 53 til 61 mill. kroner. Driftsinntektene er venta å bli høgare enn det ein tidlegare rekna med på grunn

Tabell 2.2 Endringar under kap. 2490 NVE Anlegg (i 1 000 kr)

Kap./post/ underpost	Nemning	Gjeldande overslag	Nytt overslag	Endring
2490 24.1	Driftsinntekter	-53 000	-61 000	-8 000
24.2	Driftsutgifter	46 200	54 700	8 500
24.3	Avskrivingar.....	5 500	5 500	
24.4	Renter av statens kapital.....	1 300	800	-500
24	Driftsresultat	0	0	0

av høgare produksjon. Den høge produksjonen kjem i hovudsak frå eksterne prosjekt og auka arbeidsmengde i Region Sør.

Overslaget for kap. 2490, underpost 24.2 Driftsutgifter blir foreslått auka med 8,5 mill. kroner, frå 46,2 til 54,7 mill. kroner. Endringa har samband med auka materialkostnader og innkjøp av eksterne tenester på grunn av auka produksjon.

Overslaget for kap. 2490, underpost 24.4 Renter på statens kapital blir foreslått redusert med 0,5 mill. kroner, frå 1,3 til 0,8 mill. kroner. Dette skuldast seinare levering av utstyr enn det ein tidlegare rekna med.

Ovannemnde endringer i underpostar medfører inga endring i det stipulerte driftsresultatet for NVE Anlegg under kap. 2490, post 24 i høve til gjeldande løyving for 2009.

Kap. 4800 Olje- og energidepartementet

Post 70 Garantiprovisjon, Gassco

Løyvinga blir foreslått redusert med 0,25 mill. kroner. Endringa har samanheng med at forsikringspremien på Gasscos ordinære ansvarsforsikring for 2009 er venta å bli lågare enn det ein tidlegare rekna med.

Nytt forslag til løyving blir etter dette 1,4 mill. kroner.

Kap. 4810 Oljedirektoratet

Post 01 Gebyrinntekter

Løyvinga blir foreslått auka med 1,3 mill. kroner, jf. omtale og tilsvarende auke av løyvinga under kap. 1810, post 21.

Nytt forslag til løyving blir etter dette 11,4 mill. kroner.

Post 02 Oppdrags- og samarbeidsverksemd

Løyvinga blir foreslått auka med 27,3 mill. kroner, jf. omtale og tilsvarende auke under kap. 1810, post 21.

Nytt forslag til løyving blir etter dette 76,2 mill. kroner.

Kap. 4820 Noregs vassdrags- og energidirektorat

Post 40 Flaum- og skredførebygging

Løyvinga blir foreslått redusert med 6,65 mill. kroner. Inntektene er knytte til distriktsbidrag i samband med NVEs arbeid med flaum- og skredførebygging. Endringa har samanheng med reduserte anslag og forsinka innbetaling av distriktsbidrag knytte til sikringstiltak

Nytt forslag til løyving blir etter dette 24,6 mill. kroner.

Kap. 4825 Omlegging av energibruk og energiproduksjon

Post 85 Fondsavkastning

Avkastninga frå Grunnfondet er auka med 1,2 mill. kroner i 2009. Endringa har samanheng med at 2008 var eit skotår og derfor gav ein rentedag meir enn normalt.

Nytt forslag til løyving blir etter dette 432,2 mill. kroner.

Kap. 4833 CO₂-handtering

Post 85 Fondsavkastning

Avkastninga frå Fond for miljøvennleg gassteknologi er auka med 0,2 mill. kroner i 2009. Endringa har samanheng med at 2008 var eit skotår og derfor gav ein rentedag meir enn normalt.

Nytt forslag til løyving blir etter dette 92 mill. kroner.

Kap. 5582 Sektoravgifter under Olje- og energidepartementet

Post 70 Bidrag til kulturminnevern

Løyvinga blir foreslått nedjustert med 0,8 mill. kroner. Justeringa skjer som følge av at færre revisjons- og fornyingssaker blei behandla ferdig i løpet av 2009 enn det vart rekna med.

Nytt forslag til løyving blir etter dette 9,1 mill. kroner. Løyvinga er basert på innbetalningar frå revisjonssaka i Vinstravassdraget.

3 Bruk av fullmakter under petroleumsværksemda og SDØE

I samband med den årlege behandlinga av statsbudsjettet gir Stortinget fullmakter til Kongen i statsråd og Olje- og energidepartementet knytte til petroleumsværksemda og SDØE, jf. St.prp. nr. 1 og Budsjett-innst. S. nr. 9 (2008-2009).

Nedanfor gjer Olje- og energidepartementet greie for bruk av slike fullmakter i 2009.

3.1 Fullmakt XII – Utbyggingsprosjekt på norsk kontinentalsokkel

Fullmakt for forenkla behandling frå styresmaktene si side har blitt nytta ved to høve i 2009:

Troll prosjekt

Departementet mottok 27. juni 2008 søknad om godkjenning av plan for utbygging og drift av Troll prosjekt. Troll prosjekt omfattar to modifikasjonar som skal forlenge levetida for Trollfeltet med installering av eit tredje rikgassrøyr frå Troll A til prosessanlegget på Kollsnes og gassinjeksjon frå Troll B. Eigardelen til SDØE er 56 pst. Rettshavarene i Trollfeltet er StatoilHydro ASA (operatør), A/S Norske Shell, Total E&P Noreg AS, Conoco-Phillips Noreg AS og Petoro AS.

Dei totale investeringane er i plan for utbygging og drift rekna til 5,7 mrd. 2008-kroner.

Plan for utbygging og drift for Troll prosjekt vart vedteken ved kongeleg resolusjon 19. juni 2009.

Oselvar

Departementet mottok 9. mars 2009 søknad om godkjenning av plan for utbygging og drift av Oselvar. Oselvar er planlagt som ei undervass-utbygging kopla opp mot Ula. Produksjonen er planlagt å ta til i 2011. Rettshavarane i Oselvar er DONG E&P Noreg (operatør), Bayerngas Produksjon Noreg AS, Norwegian Energy Company AS og Wintershall Noreg AS. SDØE har ikkje eigar-delar i Oselvar.

Dei totale investeringane er i plan for utbygging og drift rekna til 4,6 mrd. 2009-kroner.

Plan for utbygging og drift for Oselvar vart vedteken ved kongeleg resolusjon 19. juni 2009.

3.2 Fullmakt XVI – Overføring av delar i røyrleidningar til Gassled

Olje- og energidepartementet godkjende 17. desember 2008 overføring av Norne Gas Transport System, inntektsstraumen i Etanor og Kvitebjørn Gassrøyr til Gassled. Med verknad frå 1. januar 2009 har Norne Gas Transport System og inntektsstraumen i Etanor blitt innlemma i Gassled. Med verknad frå 1. juli 2009 er Kvitebjørn Gassrøyr innlemma i Gassled. Statens del i Gassled er justert for å reflektere desse overføringane.

Olje- og energidepartementet

t i l r å r :

At Dykkar Majestet godkjenner og skriv under eit framlagt forslag til proposisjon til Stortinget om endringer i statsbudsjettet for 2009 under Olje- og energidepartementet.

Vi HARALD, Noregs Konge,

s t a d f e s t e r :

Stortinget blir bedt om å gjere vedtak om endringer i statsbudsjettet for 2009 under Olje- og energidepartementet i samsvar med eit vedlagt forslag.

Forslag

til vedtak om endringer i statsbudsjettet 2009 under Olje- og energidepartementet

I

I statsbudsjettet for 2009 blir det gjort følgende endringer:

Utgifter:

Kap.	Post	Formål	Kroner
1800		Olje- og energidepartementet	
	21	Spesielle driftsutgifter, <i>kan overføres</i> , blir auka med frå kr 39 100 000 til kr 42 100 000	3 000 000
1810		Oljedirektoratet	
	01	Driftsutgifter, blir auka med frå kr 210 400 000 til kr 211 700 000	1 300 000
	21	Spesielle driftsutgifter, <i>kan overføres</i> , blir auka med frå kr 272 600 000 til kr 299 900 000	27 300 000
1820		Noregs vassdrags- og energidirektorat	
	22	Flaum- og skredførebygging, <i>kan overføres</i> , <i>kan nyttast under kap. 1820, post 60</i> , blir redusert med frå kr 153 800 000 til kr 152 300 000	1 500 000
	60	Tilskot til skredførebygging, <i>kan overføres</i> , <i>kan nyttast under kap. 1820, post 22</i> , blir auka med frå kr 28 000 000 til kr 29 200 000	1 200 000
1825		Omlegging av energibruk og energiproduksjon	
	50	Overføring til Energifondet, blir auka med frå kr 1 781 000 000 til kr 1 782 200 000	1 200 000
1833		CO ₂ -handtering	
	21	Spesielle driftsutgifter, <i>kan overføres</i> , blir redusert med frå kr 765 000 000 til kr 305 000 000	460 000 000
	30	Investeringar, <i>kan overføres</i> , blir redusert med frå kr 1 882 000 000 til kr 0	1 882 000 000
	50	Overføring til fond for CLIMIT, blir auka med frå kr 81 800 000 til kr 82 000 000	200 000
(NY)	72	Lån, TCM DA, blir løyvd med	900 000 000
2440		Statens direkte økonomiske engasjement i petroleums- verksemda	
	30	Investeringar, blir redusert med frå kr 25 900 000 000 til kr 24 000 000 000	1 900 000 000
2490		NVE Anlegg	
	24	Driftsresultat	0
		Spesifikasjon:	
		Driftsinntekter	-61 000 000
		Driftsutgifter	54 700 000
		Avskrivningar	5 500 000
		Renter av statens kapital	800 000
			0

Inntekter:

Kap.	Post	Formål	Kroner
4800		Olje- og energidepartementet	
	70	Garantiprovisjon, Gassco, blir redusert med frå kr 1 650 000 til kr 1 400 000	250 000
4810		Oljedirektoratet	
	01	Gebyrinntekter, blir auka med frå kr 10 100 000 til kr 11 400 000	1 300 000
	02	Oppdrags- og samarbeidsverksemd, blir auka med frå kr 48 900 000 til kr 76 200 000	27 300 000
4820		Norges vassdrags- og energidirektorat	
	40	Flaum- og skredførebygging, blir redusert med frå kr 31 250 000 til kr 24 600 000	6 650 000
4825		Omlegging av energibruk og energiproduksjon	
	85	Fondsavkastning, blir auka med frå kr 431 000 000 til kr 432 200 000	1 200 000
4833		CO ₂ -handtering	
	85	Fondsavkastning, blir auka med frå kr 91 800 000 til kr 92 000 000	200 000
5440		Statens direkte økonomiske engasjement i petroleumsverksemda	
	24	Driftsresultat, blir auka med frå kr 84 200 000 000 til kr 92 900 000 000	8 700 000 000
		Spesifikasjon:	
		Driftsinntekter	155 200 000 000
		Driftsutgifter	-36 900 000 000
		Leite- og feltutviklingsutgifter	-2 600 000 000
		Avskrivningar	-16 300 000 000
		Renter av statens kapital	-6 500 000 000
			92 900 000 000
	30	Avskrivningar, blir redusert med frå kr 17 500 000 000 til kr 16 300 000 000	1 200 000 000
(NY)	50	Overføring frå Statens petroleumsforsikringsfond, blir løyvd med	30 000 000
	80	Renter av statens kapital, blir redusert med frå kr 6 700 000 000 til kr 6 500 000 000	200 000 000
5582		Sektoravgifter under Olje- og energidepartementet	
	70	Bidrag til kulturminnevern, blir redusert med frå kr 9 900 000 til kr 9 100 000	800 000

